



Arild Hopland
Lurevegen 220
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2454 - 18/27976

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
12.09.2018

Ferdigattest etablering av avlaupsanlegg - gbnr 172/31 Hopland

Administrativt vedtak. Saknr: 484/18

Tiltakshavar: Arild Hopland

Ansvarleg søkjar: Hjelmås Vvs AS

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 08.11.2017. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottoken 03.09.2018.

Skildring

Adresse:	Lurevegen 220
Bygningstiltak:	Avlaupsanlegg-minireinseanlegg Goodtech Biovac
Avlaup:	Privat avlaupsanlegg-minireinseanlegg

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for minireinseanlegg Goodtech Biovac på gbnr 172/31.

Anlegget eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.



Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/2454

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arild Hopland
Hjelmås Vvs AS

Lurevegen 220 5912
Leknesvegen 183 5915

SEIM
HJELMÅS